

Vedlegg 3 Uttale frå Institutt for økonomi og administrative fag, Høgskolen i Bergen

Merknad Uttalen er basert på diskusjonar på instituttmøte og samlinga med våre søsterfagmiljø på HiSF og HSH arrangert i september 2016 og på seinare samtalar og sirkulasjon av skriftleg materiale.

Innspel

Kap 1.4 Sjå framlegg til slutt i dokumentet

Kap 3

Innspel til pkt. 3.3:

Det verkar kunstig å trekkje særskilt inn økonomiske fag i første setning. Det er også mange andre fagfelt som kunne vore nemnt her. Vi foreslår derfor å erstatte «økonomiske fag» med «fleire andre fag».

Innspel til det som burde ha vore pkt. 3.4 (dvs. Profilmråde 4): NB! Feil i nummerering av punkt.

Vi foreslår å kalle profilmrådet for «Ansvarleg leiing og profesjonsutøving for innovasjon og berekraftig omstilling»

I tillegg vil vi nemne at det under identifiserte profilmråde er manglar knytt til fusjonsplattforma si sentrale premiss om profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette trass i at HVL har professorkompetanse på feltet. Våre fagfolk har markert seg innan lærebokproduksjon og har leiarposisjonar nasjonalt innan profesjonsetikk. Dette viktige tema må inn som fagleg satsingsområde ved HVL.

Vi har ein rad framlegg til endringar i teksten på profilmrådet, med bakgrunn i desse forholda:

- Vår aktivitet på området er ikkje berre basert på forskning, men og på undervisning og formidling.
- Det er viktig å understreke tydelegare relevansen av fagfeltet på tvers av bransjar og privat/offentleg sektor.
- På overordna nivå bør entreprenørskap nemnast meir generelt. Satsinga på studententreprenørskap vert presentert seinare i eit eige punkt.
- Vi ønskjer sterkare fokus i profilmrådet på organisasjon, leiing, etikk og samfunnsansvar.
- Tala for fyrstekompetente og toppkompetente må oppdaterast og korrigerast av arbeidsgruppe.

Våre konkrete framlegg til endringar er markerte i raudt under.

[Profilmråde 4: Innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling](#)
[Profilmråde 4: Ansvarleg leiing og profesjonsutøving for innovasjon og berekraftig omstilling](#)

Dette profilområdet kombinerer kunnskap frå samfunns- og naturvitskapane med bruksretta kunnskap frå profesjonane. **Profilområdet er i dag særleg forankra i aktiviteten ved institutta for økonomi, leiing og administrasjon, samfunnsvitskap og Senter for nyskaping.**

Dagens nærings- og samfunnsliv er i stadig endring. Innovasjon, entreprenørskap og omstilling vert utpeikt som særleg viktige innsatsområde for Vestlandet og Noreg i tida framover. HVL spelar ei aktiv og viktig rolle i denne omstillinga. Vår inngang til innovasjon og omstilling er forankra i **undervisning, formidling og forskning**. Dette inneber at vi arbeider særleg med å forstå korleis innovasjonsprosessar utspelar seg innan ulike regionale kontekstar, **ulike bransjar og mellom privat og offentleg sektor**. Ei rekke forskjellar finst både når det gjeld geografi, sektorar og verksemdsgrensar, noko vi tek høgde for i våre tiltak for å stimulere innovasjon og omstilling. Dette kjem eksempelvis til uttrykk i våre satsingar på **ansvarleg leiing, organisering, innovasjon og entreprenørskap**. HVL er og skal vere leiande på **undervisning, forskning, formidling og innovasjon for berekraft med etikk og samfunnsansvar**.

Forskinga på innovasjon og omstilling dannar grunnlag for HVL si rolle som ein kompetent samarbeidspartnar for regionalt nærings- og samfunnsliv. Eksempelvis utdannar vi studentar som har forståing for korleis innovasjon og omstilling skjer, **korleis slike prosessar kan leiast på ein tenleg måte**, og ikkje minst kvifor desse prosessane er viktige for å vidareutvikle Vestlandet. Dette vert også reflektert i ei tydeleg satsing på studententreprenørskap ved HVL. Det er eit mål å etablere studentinkubatorar på alle fem campusane. Regionalt nærings- og samfunnsliv er tett involvert i dette arbeidet.

Gjennomgripande endringar i samfunn og miljø (t.d. migrasjon og klimaendringar) krev omstilling av strukturane i samfunnet. Berekraftig utvikling må til for å kunne takle utfordringane desse endringane medfører og for å sikre at vi har gode samfunn å leve i framtida. Korleis slik utvikling og omstilling skal skje, krev kunnskap på tvers av økonomi og samfunnsvitskap, teknologi og naturvitskap, helse- og læringsvitskapane.

Innanfor profilområdet **ansvarleg leiing og profesjonsutøving for innovasjon og berekraftig omstilling**, er det **67 (må oppdaterast)** med fyrstekompetanse eller i stipendiatløp (av desse har **15** toppkompetanse).

Vi har identifisert følgjande profilelement:

- **Regional økonomi og utvikling**
- **Innovasjon i velferdstenester**
- **Organisasjon og leiing, endingsleiing og innovasjon i leiing**
- **Klimaomstilling**
- **Grønt skifte og berekraftig utvikling**
- **Etikk og samfunnsansvar**

Område HVL kan hevde seg nasjonalt

Basert på ei heilskapleg vurdering av profilelementa, breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet skil følgjande område innanfor **ansvarleg leiing**, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig utvikling seg ut som mulege område med nasjonal

posisjon¹: HVL har alt fire mastergrader knytt til kunnskapsfelt organisasjon, leiing, innovasjon og entreprenørskap.

Regional økonomi, historie og utvikling

HVL har arbeidd langsiktige med å utvikle spisskompetanse og modellverktøy på feltet regional økonomi, historie og utvikling. Forskinga på feltet dreier seg om å utvikle ny kunnskap om regional utvikling, om tettstadutvikling, arbeidsmarknadsutvikling og arbeidsledighet. Vidare dreier det seg om å utvikle forståing for prosessar knytt til mobilitet, pendling og flytting mellom kommunar. Fagmiljøet har omfattande ekstern finansiering og er i samband med søknadsprosessar inn mot EU, i samarbeid med sterke nasjonale aktørar, i ferd med å etablere eit solid nasjonalt og internasjonalt nettverk på feltet.

Studententreprenørskap

Studententreprenørskap er eit sentralt satsingsområde for HVL. Ein legg til grunn ei brei forståing av studententreprenørskap. Det betyr at satsinga i tillegg til å leggje til rette for at studentar kan utvikle egne verksemder, også fokuserer på å utvikle ein *entreprenørskapskultur* ved HVL. Det er høve til å jobbe med entreprenørskap i og utanfor klasserommet. På denne måten får studentane byggje vidare på sine eksisterande faglege spesialiseringar når dei jobbar med egne idear, og ein får ei kopling mellom eigen fagleg bakgrunn og innovasjons- og entreprenørskapsforståing. Utanfor klasserommet tilbyr HVL aktivitetar for studentar i ulike fasar, t.d. gjennom idékonkurransar, studentinkubasjonsprogram, mentorordningar og forretningsutviklingsprogram. Alle aktivitetar og tilbod vert sett i samanheng med forskning på innovasjon og entreprenørskap.

Med våre tette koplingar til regionalt nærings- og samfunnsliv, og ei relevantgjering av entreprenørskap i alle fagområde, legg HVL til grunn ei tilnærming og satsing på studententreprenørskap som går utover den smale modellen som tradisjonelt har prega feltet. Dette er med å gi oss ei leiande nasjonal rolle innan området.

Vi foreslår og eit nytt punkt inn i profilområde 4:

Forvaltning, ansvarleg leiing og organisering

Forvaltning, administrasjon, organisasjon, profesjon og leiing er sentrale bererar av stabilitet for gode samfunnsstrukturar i offentleg og privat verksemd. Endring, omstilling og innovasjon er avhengig av godt organiserte leveringssystem. Nokre sider ved globalisering, liberalisering og deregulering har gitt sosial dumping, auka ulikskap og politisk uro i mange land. Klimakrisa, skatteflukt og arbeidslivskriminalitet krev rettferdig regulering som gjev like konkurransevilkår. Grønt skifte og berekraftig innovasjon har behov for gode yrkesutøvarar, profesjonskompetanse, leiarar og gode modellar for organisering. HVL har sterke forskings- og læringsmiljø for desse faga.

Kap 4

Innspel til punktet om Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap

Vi er i tvil om det tverrgåande aspektet ved organisasjons- og leiingsfaga blir dekte av forslaga til tverrgåande satsingsområde. I ei satsing på eit berekraftig og nyskapande

¹ Parallelt med at leveransen er sendt til høyring (1/12) er det sendt ut førespurnad til fagmiljøa bak desse områda med spørsmål om å skrive eit kort avsnitt der dei skildrar på kva måte dei hevder seg nasjonalt.

Noreg er det viktig å ta som utgangspunkt at innovasjon i offentleg sektor ikkje berre er ein viktig føresetnad for innovasjon i andre sektorar. Det er i dei siste åra løfta fram som ein avgjerande drivkraft for samfunnsutviklinga i seg sjølve. I tillegg må ein tydeleggjere leiing, organisering og samhandling i offentleg sektor som eit vilkår for innovasjon. Det gjeld innovasjonsleiing, endingsleiing og innovasjon av leiing i organisasjonar både i privat og offentleg sektor. Eit anna alternativ er å sjå på leiing og organisering som eit tverrgåande satsingsområde i seg sjølv. Vi vil som andre kommentatorar be prosjektgruppa om å gjere ei nærare vurdering av desse alternativa.

Vi slutter oss og til denne kommentaren frå ASF: Det tverrfaglege satsingsområdet Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap er eit spennande framlegg, som byggjer opp om satsinga på ei fjerde PhD-utdanning ved HVL. Det er ei viktig presisering når prosjektgruppa seier at vår tilnærming til innovasjon vil omfatte både næringsliv og offentleg sektor. Institusjonelle innovasjonar i offentleg styring og tenesteyting har andre særtrekk enn marknadsinnovasjonar. Institusjonelle innovasjonar er eit nytt forskingsfelt, men det kan trekkje på organisasjonsforskning og styringsforskning som har studert korleis nye organisasjons- og styringsformer oppstår, blir spreidde og sette i verk. HVL si satsing på innovasjon og innrettinga på det planlagde PhD-programmet må vere slik at den gjev rom for fagleg utvikling knytt til både marknadsinnovasjon og innovasjon i offentleg sektor. Dessutan må satsing også fokusere på innovasjons- og styringssystema som legg til rettes for og gjev insentiv til innovasjonsaktivitetane.

Det er viktig å understreke tydelegare relevansen av fagfeltet på tvers av bransjar og privat/offentlig sektor, vi foreslå derfor nokre endringar (markert i raudt):

Vår tilnærming til innovasjon vil omfatte både næringsliv og offentleg sektor.

- Utvikling i og for arbeids- og næringslivet (på Vestlandet)
- Leiing, organisasjon og omstilling i offentleg og privat sektor

Kap 5

Prinsipp for strategisk fagleg utvikling er svært lite omtalt i dokumentet. Vi saknar utdyping av kva «rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov» inneber. Strekpunkta handlar mykje om samkøyring og lite om strategisk fagleg utvikling. Fagleg utvikling startar ofte i det små, men kan likevel ha stor tyding for strategisk utvikling for HVL.

Instituttet vil understreke at dei ulike fagmiljøa må vere i førarsetet på prosessar knytte til samkøyring av utdanning. Dei må sjølve definere kva felt og på kva måte samkøyring er hensiktsmessig basert på faglege vurderingar. Vi foreslår derfor at dei ulike fagmiljøa sjølv etablerer sine eigne arbeidsgrupper som kjem med framlegg til korleis dette skal gjerast. Dette vil betre kunne sikre fagleg forankring og kvalitet på prosessane og resultatane enn om ein berre baserer seg på ei sentral arbeidsgruppe. Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå eigne behov

Kap 6

Det heiter i framlegget: våre framlegg i raudt:

Forslag til faglege visjonar, mål og prioriteringar for HVL i perioden fram til 2023.

Fusjonsavtalen gir føringar for at HVL skal ha som overordna ambisjon å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet i 2023. Dette må difor vere eit sentralt element i og gje føringar for formulering av mål og prioriteringar for HVL fram til 2023. **Samstundes er HVL sin viktigaste kompetanse dei bachelorutdanningane som i dag utgjer høgskulane sine bidrag til profesjon og arbeidsliv.** Det er her også sagt at utviklinga av universitetsambisjonen skal byggje på profil og satsingsområda i HVL. Her står utviklinga av ph.d.-programma ved HVL sentralt. Fusjonsavtalen peikar vidare på at utviklinga av ph.d.- og masterutdanningar skal ha som siktemål å gje ein meirverdi til regionane. **Dei skal byggje på grunnfjellet som bachelorutdanningane utgjer.**

Overordna visjon for HVL

Visjon:

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er til for studenten og for kultur-, samfunns- og arbeidslivet regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal dele og utvikle forskning av høg internasjonal kvalitet. Vi skal byggje på det særeigne ved kulturen og naturen på Vestlandet, samstundes som vi skal vere ein tydeleg kunnskapsaktør nasjonalt og internasjonalt.

*HVL skal vere profesjonsretta, tilby høg kvalitet, og ha tidsriktig og fagleg oppdatert innretting på utdannings- og forskingsverksemda. Det er eit mål for HVL å bidra til auka verdiskaping i **arbeids-**, næringsliv og offentlig sektor på Vestlandet. Vi skal vere synlege og tydelege på grunnverdiene våre knytt til nærleik, engasjement, kreativitet, **ansvarleg leiing** og innovasjon. Verksemda skal vere prega av høg etisk standard og akademisk fridom.*

Kommentar til mål om Universitet 2023 (under): Dette målet må leggje til grunn at HVL får styrkt statleg økonomisk støtte i åra som kjem, og at HVL finn ein god balanse mellom å gje prioritet til breiddesatsing for midlar til undervisning, forskning, formidling og innovasjon og spissa satsing til forskning innan prioriterte felt.

Våre konkrete endringsforslag, er markert i raudt:

Mål og prioriteringar for HVL fram mot 2023

I arbeidet med å utvikle HVL må det finnast ein god balanse mellom å oppretthalde og utvikle god kvalitet på bachelor- og masterutdanningane og den meir spissa satsinga retta inn mot universitetsambisjonen, som i hovudsak dreier seg om å utvikle og drifte eksisterande og nye ph.d.-program.

Overordna mål for strategisk utvikling av HVL fram mot **2023** går fram av fusjonsplattforma og kongeleg resolusjon. Prosjektgruppa foreslår følgjande operasjonalisering av desse målformuleringane:

1. HVL skal utvikle ein fagleg plattform og profil som gjer det muleg å søke om å bli universitet med profesjons- og arbeidsretta profil i 2023. For å oppnå dette skal HVL legge stor vekt på:

- a. å tilby gjennomgåande forskingsbaserte studieløp frå bachelor til ph.d. **Vidareutvikle HVL si kjernekompetanse i bachelorutdanninga**
 - b. å vidareutvikle eksisterande ph.d.-program slik at programma rekrutterer breitt frå alle campus
 - c. å utvikle to-**tre** nye doktorgradsområde med brei involvering frå relevante fagmiljø
 - d. å sikre tilstrekkeleg produksjon av ph.d.-kandidatar for å fylle krava til studiekvalitets- og –tilsynsforskrifta. Det er viktig at **forskingssvake fagmiljø og får tilført stipendiatressursar.**
 - e. **Byggje kompetansehevingsprogram for forskingsvake fagmiljø.**
 - f. **Byggje tverrfagleg forskings- og utviklingskompetanse som kan stø opp om HVL sin profesjons- og arbeidslivsprofil.**
- 2) HVL skal yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling gjennom utdanningar, FoU, innovasjon og formidling av høg internasjonal kvalitet. For å oppnå dette skal HVL etablere gode rammevilkår for forskingsverksemda ved å leggje stor vekt på:
- a. å stimulere til nasjonal og internasjonal nettverksdanning og sampublisering
 - b. å stimulere til forskingskvalifisering i fagmiljø
 - c. å etablere gode støttesystem for FoU-verksemda, inklusive ekstern finansiering nasjonalt og internasjonalt
 - d. å bruke ansvarleg **leiing, organisering**, innovasjon og entreprenørskap i regional utvikling
- 3) HVL skal tilby utdanning på mastergradsnivå med høg kvalitet på alle fem campus. For å oppnå dette skal ein for alle bachelor-, mastergrads-, doktorgrads- og etter- og vidareutdanningar leggje stor vekt på
- a. å vidareutvikle eksisterande studieportefølje og etablere nye i samråd med sentrale regionale, nasjonale og internasjonale aktørar **(Kven er dette?)**
 - b. undervisningskvalitet og **gode** organiserings- og læringsformer
 - c. forskings- og profesjonsorienterte tilnærmingar til undervisninga
 - d. å utvikle god samanheng mellom læringsutbytte, arbeidsformer og vurderingsformer i utdanningane
 - e. å etablere gode system for UH-pedagogisk kompetanseutvikling

Generelt overordna innspel til dokumentet:

Vi ynskjer at rapporten skriv inn eit avsnitt om premissar for val av profil, mål og strategi. Kva er kjelda for dei ulike måla som er sette opp? Dette gjer det lettare å vekte dei ulike måla opp mot ein interessentanalyse. Det kan og vere lettare å sortere der det er målkonflikt i dokumentet.

Eit døme på eit slikt oversyn over kjelder og/eller forankring av sentrale premiss:

	Fortid	Framtid
Intern	1) Eksisterande strategiar og organisatorisk kapasitet for undervisning, FOU, formidling og innovasjon.	2) Fusjonsplattforma
Ekstern	3) Føringar frå Storting, Regjering og departement Prioriteringar i forskingsråd	4) Eksterne interessentar i samfunns- arbeids- og næringsliv

Vi ber arbeidsgruppa om å gjennomføre ein slik analyse i det vidare arbeidet.

Innspel til pkt. 2.1 Plattform- og verdielement Faglege profilområde:

Vi saknar at grunnfjellet i verksemda, nemleg profesjons- og arbeidslivsorientering med basis i bachelorutdanninga, kjem klårt fram i dokumentet, og foreslår følgjande inn i pkt. 2.1:

«HVL si profesjons- og arbeidslivsorientering med sterke yrkesutdanningar på bachelornivå er HVL sitt viktigaste bidrag til å nå samfunnsoppdraget sitt. Dette gir HVL ein sentral plass i den samfunnsmessige arbeidsdelinga for utdanning av arbeidskraft til eit berekraftig Vestland i framtida.»

Vi oppfattar vidare at fusjonsplattforma er svært tydeleg på at HVL skal spele ei leiande rolle i utvikling av Vestlandet i tett kontakt med det regionale arbeids- og næringslivet, og ynsker at dette kjem betre fram, gjerne med følgjande formulering:

«HVL skal vere ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet – ein aktør som utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling. HVL skal bidra med undervisning, forskning, formidling til ansvarleg profesjonsutøving, organisering, leiing og innovasjon.»

Innspel til pkt. 2.2.

Også her saknar vi fokus på bachelorutdanning, og dessutan bør og formidling nemnast her, for eksempel slik i oppsummeringa:

- Profil i eksisterande utdanningstilbod **på bachelor**, master- og ph.d.-nivå
- Forholdet mellom utdanning, forskning, **formidling** og innovasjon

Vi vil under kommentere særskilt forslaget til Profilmråde 4, ettersom dette er det mest relevante profilmrådet for vårt institutt.

Vi ønsker å endre namnet på profilen slik at det får ein noko breiare innfallsvinkel som treffer meir tverrfagleg på HVL, eksempelvis slik:

«Profilmråde 4: Ansvarleg leiing og profesjonsutøving for innovasjon og berekraftig omstilling»

For å stø opp om ein breiare innfallsvinkel til profilmråde 4, bør dette også reflekterast i den oppsummerande oversikten. Vi foreslår dette (endringar i raudt):

	4) Ansvarleg leiing profesjonsutøving for innovasjon og berekraftig omstilling
Profilelement	Ansvarleg leiing, organisering. økonomiforvaltning og profesjonsetikk. Regional økonomi og utvikling; innovasjon i velferdstenester; organisasjon og leiing; klimaomstilling; grønt skifte og berekraftig utvikling
Kan lukkast nasjonalt	Regional økonomi, historie og utvikling. Profesjonsetikk, samfunnsansvar, ansvarleg leiing Student-entreprenørskap
Internasjonalt	Innovasjons- og entreprenørskapsforskning Sustainable climate change management
Tverrgående satsings-område	Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing, Berekraft og sikkerheit Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap, IKT som mulegheitsskapande teknologi